



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Vår ref.: DokumentID 24/8609

Dykkar ref.:

Dato: 22.03.2024

SVAR PÅ TILSYN OG RETTING AV PÅLEGG I KOMMUNEN SITT ARBEID FOR Å SIKRE EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ SAK 2023/13170

Kvam herad viser til Statsforvaltaren i Vestland sin rapport frå tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø Kvam herad – Øystese skule, sak 2023/13170. og sender med dette svar på korleis pålegga vert retta.

Kvam herad har fått tilsyn på området om trygt og godt skulemiljø på same tid som heradet er med i Oppfølgingsordninga. Ein av grunnane til at Kvam herad fekk tilbod om å vera med i ordninga var høge mobbetal på einskilde skular. Etter forfasen og arbeid med å finna fram til rett utfordringsbilete, var det tydeleg at eit av områda me måtte forbetra, var trygt og godt skulemiljø. Me såg dette i tett samanheng med satsing på å styrka den ordinære opplæringa og gje skuleleiarane nødvendig støtte. Tilsynet som Statsforvaltaren i Vestland har gjennomført, peika på ein del av dei same punkta. Nokre av pålegga går direkte inn i det arbeidet me held på med når med dette skuleåret er i første del av gjennomføringsfasen. Det er utarbeida ein plan for gjennomføringsfasen som går over to år. Implementering av rutinar, system, undersøkingar, tiltak og rolleavklaring i kap. 9A-saker er ein viktig del av dette arbeidet.

Frå søknad til Statsforvaltaren i Vestland om deltaking i oppfølgingsordninga:

Tiltak leiarstøtte:

- Utvikla velfungerande leiarteam med fokus på innhald i leiarmøta; prioritering og struktur, samt ansvar- og arbeidsfordeling
- Styrka leiarrolla:
 - o Leia utviklingsarbeid over tid
 - o Personalleiar
 - o Lovverk, politisk vedtak, forvaltning

Skulemiljøproblem og svake elevprestasjonar/ manglande læringsutbytte = Styrka ordinær undervisning i eit inkluderande læringsmiljø:

For å styrka undervisninga i eit inkluderande læringsmiljø, må me ha tiltak både for sosial og fagleg læring. "Faglig og sosial læring i skolen foregår ikke uavhengig av hverandre. Vi kan si at det for eleven i skolen finnes to arenaer å mestre – den faglige og den sosiale. Dette kan også betraktes som to mestrings- og kompetanseområder. Det sosiale fellesskapet mellom jevnaldrende kan ha både negativ og positiv innflytelse på skolefaglig læring. Hvis det etableres en elevkultur som støtter læring, og det er attraktivt å utføre skolearbeid, vil dette bidra positivt til faglig læring. Dette er godt dokumentert i forskning (Hattie, 2009)".
Udir.no.

Tiltak trygt og godt skulemiljø:

- Ferdigstillå organisering av det systematiske arbeidet med trygt og godt skulemiljø
- Få tydeleg ansvars- og arbeidsfordeling i dei ulike rollene i skule både når det gjeld førebyggjande arbeid, handtering og etterarbeid
- Implementera årshjul for trygt og godt skulemiljø
- Implementera BTI, bruk av BTI-rettleiar
- Arbeid med felles haldningar og praksis

Ordinær undervisning:

- Opplæring i praktisk og variert undervisning - læringsaktivitetar og undervisningsformer med fokus på motivasjon og meistring hjå alle elevar
- Opplæring i korleis auka elevmedverknad
- Utarbeida ein tydeleg handlingsplan med verktøy til støtte for arbeidet med lesing og skrivning som grunnleggjande dugleikar.

Etter Statsforvaltar sin rapport og pålegg om utbetring med tanke på rutinar, felles forståing og skuleeigar sin internkontroll, er det særleg desse tiltaka Kvam herad meiner svarer ut utfordringane våre:

- Kvalitetsdialogar
- Revidert rutinar og rapporteringsskjema
- BTI
- Rolleavklaring i kap. 9A-saker

I arbeidet med tilsynsrapporten frå Statsforvaltar, såg ei samla rektorgruppe i Kvam på moglege tiltak for å retta på pålegga me har fått. Der ser me at i tillegg til å bruka eigne møte og tid på rutinar me har, bør BTI- rettleiaren brukast i større grad som eit verktøy i arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. BTI bør oftare nyttast i refleksjonar mellom tilsette i møte med uro kring eit barn og ungdom, sikra felles terskel for vidare og systematisk oppfølging. Då BTI-satsinga starta i 2020, er dette framleis i implementeringsfasen.

I skulen er det gjeve opplæringa i BTI-rettleiaren, og særleg grundig på det som heiter nivå 0, som handlar om tidleg oppdaging, det vil seia kunnskap om teikn og signal på at barn og unge ikkje har det bra, og samtale med barn og føresette ved uro. Opplæringa har vore gjeve gjennom case-øvingar og gjennom å bruka materiell frå RVTS (Regionale ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging). Det er tilsett BTI-koordinator i full stilling. Dette skuleåret har koordinator tett kontakt og oppfølging i kap. 9A på dei ulike skulane, for å synleggjera og modellera bruken av BTI i denne typen saker, og korleis følgja desse opp.

Tiltak for Øystese skule kor mål er å betra bruk av rutinar, skjema og felles forståing av varslingsplikt:

- Fellesmøte; gjennomgang av rutinar, caseøvingar
- Lagmøteinstruks
- Vaktplaninstruks
- Forebyggjande plan for trygt og godt skulemiljø

Gode planar og rutinar skal sikra at Øystese skule har eit system som gjer at elevane på Øystese skule har det trygt og godt. Delpliktene må tydeleggjerast for alle tilsette. Tilsynet viser mellom anna at ikkje alle tilsette har ein felles terskel for å varsla. Heller ikkje alle varslar rektor. Skulen arbeider no med å få ei felles forståing kring terskelen og om varslingsrutinane. Skulen trenar på situasjonar ved hjelp av caseøvingar, både for assistentar og lærarar.

Dei tilsette ved Øystese skule får jamleg opplæring i systemet BTI ved uro for eit barn. I tillegg gjennomfører skulen plan for kartlegging og analyse for trygt og godt skulemiljø. Ei av delpliktene i aktivitetsplikta er å undersøka. Dei tilsette ved Øystese skule veit at denne plikta til å undersøkinga er to-delt. Det skal undersøkjast for å avgjera, i lag med eleven og føresette, om det skal setjast inn tiltak i ei sak. Tiltaka vert systematisert i ein aktivitetsplan, såleis må det undersøkjast grundig for å finna fram til i kraftfulle og eigna tiltaka slik at eleven kan få det trygt og godt igjen. I dette arbeidet har skulen miljørettleiarar som hjelper skulen i å gjera gode og grundige undersøkingar. Kontinuerlege undersøkingar er nødvendige i saker som går over lengre tid. Slik sikrar me oss at planen er dynamisk og at tiltak, som evalueringa viser ikkje er eigna, vert tekne bort. Arbeidet med trygt og godt skulemiljø skal vera ein kontinuerleg prosess. Rutinane og pliktene kring trygt og godt skulemiljø ligg i eit årshjul. Slik sikrar skulen at nye tilsette kjenner til arbeidet og pliktene, og at dei vert implementerte hjå alle tilsette.

Handlingsplan

Det er utarbeida ein handlingsplan som gjev oversikt over pålegg, tiltak, ansvar og fristar. Denne er lagt ved. Det er i tillegg lagt ved oppdaterte rutinar som vert vist til i handlingsplanen.

Helsing

Heidi Fossdal

Skulefagleg rådgjevar

Telefon: 940 08 474

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Astrid-Anett Steine

Inga Lill Tolo

Tore Torsvik

Vedlegg:

20.03.2024

Tittel:

Handlingsplan etter tilsyn med kommunane sitt arbeid med trygt og godt skulemiljø, Kvam herad, Øystese skule

20.03.2024

Førebyggjande plan trygt og godt skulemiljø, Øystese skule

20.03.2024

Innhald lagmøte Øystese skule

20.03.2024

Instruks inspeksjon Øystese skule

20.03.2024

Kap 9A Aktivitetsplan, revidert mars 24

20.03.2024

Kap 9A Aktivitetsplikt rutine, revidert mars 2024

20.03.2024

Kap 9A Logg, revidert mars 24

20.03.2024

Kap 9A Tiltaksliste individ, gruppe og system

20.03.2024

Kvalitetsdialogar skuleeigar mellom skular - utkast 19.03.2024

20.03.2024

Plan for kartlegging og analyse, trygt og godt skulemiljø mars_24

20.03.2024

Rapportering frå skule til skuleeigar

20.03.2024

Rutine rettleiing nyutdanna, Kvam herad